

# KYRKJEBLAD

*For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen*



*God sommar!*



# Kyrkjetrappa

## KYRKJEKONTORET I KVITESEID

Telefon: 35 06 81 31

Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid

[www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no)



### Kyrkjeverje

Kristen Salmelid  
Kontor tlf: 35 06 81 31  
Mobil tlf: 97 04 78 60  
[post@kyrkjetrappa.no](mailto:post@kyrkjetrappa.no)



### Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Håkon Heggtveit  
Mobil tlf: 91 18 37 50



### Sokneprest

Møyfrid Lunde  
Kontor tlf: 35 06 81 32  
Mobil tlf: 46 90 72 31  
[sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no](mailto:sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no)



### Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Jan Haugen  
Mobil tlf: 91 12 02 48  
[kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no](mailto:kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no)



### Organist

Olav Holm  
Mobil: 93 40 11 56  
[organist@kyrkjetrappa.no](mailto:organist@kyrkjetrappa.no)



### Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar (vikar)

Bjørn Stian Sigurdslid  
Mobil tlf: 97 07 87 71



**Trusopplærar og  
kyrkjelydssekretær**  
Knut Ove Lofstad  
Kontor: 35 06 81 28  
Mobil tlf: 99 61 65 26  
[tru@kyrkjetrappa.no](mailto:tru@kyrkjetrappa.no)



### Prostidiakon

Eilev Erikstein  
3880 Dalen  
Mobil tlf: 91 11 35 80  
[eilever@online.no](mailto:eilever@online.no)

## Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.  
Framsida: Arbeid på Brunkeberg kyrkje,  
foto: Kristen Salmelid  
Utforming og trykk: Erik Tanche Nilssen AS

## Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648  
Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

## Gode naboar som bryr seg

Godleik, fellesskap, omsorg, vern, kamp – vel deg eit ord! Dei er alle uttrykk for det vi i kyrkja kallar diakoni. Diakoni handlar om å tene kvarandre fordi vi alle er likeverdige menneske som er omslutta av Guds kjærleik.

Dei sju siste av dei ti bod kan uttrykkast ganske enkelt som «elska nesten din som deg sjølv.» (Luk 10,27b)

På norsk har vi ut av dette fått ordet nestekjærleik. Det kunne også heitte nabokjærleik. Men kva handlar det om eigentleg? Diakoniutvalet i kyrkja var samla til møte tidlegare i vår og snakka om kva nestekjærleik kan handle om her hos oss i Kviteseid sokn. Av alle tinga som vart nemnd, slo det meg at nestekjærleik ofte viser seg veldig praktisk.

Det kan vere å besøke nokon, praktisk arbeid i hus og hage, å køyre nokon som ikkje har bil eller gje ein blom. Det kan også vere å lytte til og samtale om det som gjer livet vanskeleg – i ei sorggruppe, eller i ein fortruleg samtale. Det kan vere å be for nokon eller å opne eit kyrkjerom for at nokon kan komme inn og kvile seg der.

Godhetsveka er ei fin oppleving for dei som får arbeide saman og gjere ein forskjell for nokon. Av tilbakemeldingane frå dei som får hjelp, veit vi at mange set stor pris på å få hjelp til små eller store

ting som er vanskeleg å få til på eiga hand. I løpet av desse dagane i mai oppstår nye vennskap og vi blir kjent med kvarandre som sambygdingar, gjerne på tvers av alder.

Men godhetsveka er berre ei veke i året. Den kan vere ein hjelp til å tenke over om vi veit om andre som kan trenge ei hjelpende hand ein gong i blant resten av året. Mange er nok redde for å bry nokon med å spørje om hjelp, men like mange kan vere redde for å blande seg med å tilby hjelp.

Derfor vil eg oppmuntre store og små til å vere frimodige enten ein kan trengje ei hjelpende hand eller har ei ledig. Mange av dei eg er i samtale med nemner nokon naboar eller andre som dei ser til, eller som ser til dei, og som dei set stor pris på. Det er noko av det fine med å bo i ei bygd, at nokon veit om deg og ser til deg. Då Jesus utfordra til å visa kjærleik til nesten sin, fekk han dette spørsmålet i retur: «Kven er så nesten min?» (Luk 10,29) Då fortalte han historia om den miskunnsame samaritanen. (Luk 10,30-37) Det var utlendingen som stogga reisen sin for å ta seg av ein framand.

Nabokjærleik er ikkje berre for dei nærmaste grannar, men for alle dei vi på ein eller annan måte møter på gjennomlivet.

*Av sokneprest Møyfrid Lunde*

# Prosjekt kyrkjetekstilar

Tekst og foto: Hanne Roholdt

**Sommaren 1996 var Gunnvor Mandt omvisar på bygdetunet i Kviteseid. Det vart starten på eit spanande arbeid med kyrkjetekstilar. I samlingane var der ein kistekross frå 1770-talet, laga av eit særskilt stoff. Gunnvor, med sin framifrå tekstilkunnskap, blei inspirert til å analysere og veve stoffet. Hofekk meg med seg på laget, og i 2007 var vi i gang. Då var Gunnvor 81 år gammal.**

Veven blei sett opp med 12 meter renning. Vi bytta på å veve og arbeidet voks nokre centimeter for kvar dag. Det var stor stas den dagen veven blei klypt ned. Mange fekk glede av det glansfulle, vakre linstoffet. Desse fekk gåver:

- Kyrkjene i Kviteseid kommune, i alt 4 kyrkjer, fekk stoff til dåpshandklede og syrefrie esker til oppbevaring.
- Vrådal kyrkje fekk alterduk og eit kalkklede, båe med kant i telemarks binding.
- Vest-Telemark museum fekk ein kopi av den gamle kistekrossen i finaste lin og med brodering.

## Samarbeidet ga inspirasjon til vidare arbeid

Bygdetunet eig eit gammalt båreteppe, og vi ynskja å kopiere det. Det synte seg å bli vanskeleg å finne rett garnkvalitet og rette fargar. Teppet som eg vov er difor eit kisteteppe inspirert av det gamle.

Det er vevd med den avanserte vevteknikken, skilbragd. Materialt i teppet er 1 tråda lingarn og 2 tråda strikkegarn frå Norsk Kunstvevgarn. May Berthelsen frå Seljord plantefarga garn, og noko av det er brukta i teppet.



Kistekross frå 1770-talet

Eit av særmerka ved kisteteppet er ein avbroten firkant i mønsteret på teppet, ei såkalla spegelrute. Frå gammalt var det her ølbollen stod eller salmeboka låg. Utafor dei fire hjørna er det smetta inn symbol på æva. Blått er himmelfargen, sanningsfargen.

Prosjektet resulterte i to teppe: Eit teppe for å prøve ut smetting i ein skilbragdvev og eit gravferdsteppet.



*Foto: Anne Lise Råmunddal.*

## Båreteppe – gravferdsteppe – kisteteppe – spegel-åkle

Båreteppe har vore lagt over kistene i uminnelege tider så å seie over heile verda.

I Vest-Telemark finn me mange døme på at teppe har vore brukta. Det var tidlegare ei handling som symboliserte eit siste farvel.

Gravferdsskikkane i Vest-Telemark har endra seg mykje i siste halvdel av 1900-talet.

Før den tid var det vanleg at gravferda var i heimen. Kisteteppet blei lagt oppå kista likferdsdagen og teke av kista ved avferd frå heimen. Rundt kista samla gravferdsfylgjet seg for å halde avskjeds-seremoni for den døde, før kista skulle til kyrkjegarden.

Etter at bårehusa blei bygde, blir kistene sette der fram til gravferdsdagen. I dag er det vanleg at kyrkja blir pynta med blomar og med ein bårebukett på kista.

For dei som ynskjer å ta opp ein gammal skikk, kan kisteteppe vere eit alternativ til bruk på kista. Å breie eit teppe over kista er ei aktiv handling som kan verke positivt som ein del av seremoni og sorgarbeid.

Teppe og klede fylgjer menneske frå vogge til grav. Det er ein tanke som gir mening.

I 2013 fekk Den norske kyrkja i Kviteeid eit gravferdsteppe i gåve frå Gunnvor Mandt og Hanne Roholdt.

Seljord gravferdsbyrå tek vare på teppet og låner det ut til brukarar.

Sverre Syftestad seier han er særslig glad for at kisteteppe har kome fram i ljuset att, som ein del av tilbodet til byrået.

Teppet skal ligge oppå kista slik at spegelen i teppet er synleg. Tradisjonen seier at det skal pyntast med to ljosesta-

kar og bibel eller salmebok oppå teppet. Sverre har mange tankar om korleis blomar kan omkranse kista og pynte kyrkja.

Teppet har vore til utlån i fleire år nå, men det er få som har brukta det.

Gunnvor og Hanne ynskjer at fleire skal få kjennskap til teppet, og at fleire vil føre vidare ein gammal tradisjon.

## Gunnvor Mandt er kunnskapsrik og ein tradisjonsberar, som har sett sterke spor etter seg

Tekst: Anlaug Kråkenes, foto: VTB

*Eg kom til Vrådal i august 1969. Saman med to andre jenter leigde eg vevstoga i to år. Eg møtte Gunnvor som ei sterk og målretta kvinne, som kunne sitt fag og sitt handverk. Eit oppriktig engasjert og omsorgsfullt menneskeje. Gunnvor er født 19.august 1926 på garden Roholdt i Vrådal.*

Korleis gjekk det til at du blei interessert i vevfaget?

«Eg ville bli sjukepleiar,» fortel Gunnvor, «men slik blei det ikkje. Mor mi var oppteken av at vi jenter skulle få ei utdanning. Eg blei med på eit vevkurs i Vrådal, og den faglege dugleiken til vevlæraren inspirerte meg.»

Gunnvor blei nysgjerrig på kva vevfaget innebar og kva utfordringar som låg i det. Ho heldt fleire vevkurs og lika godt å undervise, så ferda gjekk vidare til



Statens kvinnelege industriskule, Oslo, der ho tok eksamen som faglærar i vev i 1953.

Gunnvor gifta seg med Leiv Mandt i

1956. Draumen om eiga vevstoge og eit lite utsal blei ein realitet, då Leiv hadde stort hus i Vrådal sentrum. Forretningsideen hadde ho klar: Produksjon og sal av eigne vevprodukt.

«Du må ikkje tru at det gjekk av seg sjølv,» seier ho. «Ein fekk ikkje konsulenthjelp eller offentleg støtte på den tid. På ein måte trur eg det var sunt, utan at eg skal seie meir om det,» sluttar ho, men legg til: «Eg var så heldig at eg fekk den rette mannen i livet mitt.»

Gunnvor har vore oppteken av kvalitet. «Berre det beste materialet er godt nok, når ein skal veve for hand,» seier ho. Etterspurnaden etter produkta hennar auka raskt, og Gunnvor trong hjelp til vervinga. Tilbodet hennar gjekk til jenter som meistra det elementære innafør vev og som kunne jobbe sjølvstendig. «Eg fekk arbeidshjelp og jentene fekk erfaring og påfyll av kunnskap før vidare utdanning.» fortel Gunnvor.

I alt har Gunnvor hatt rundt 50 jenter i arbeid og undervisning. Jentene budde i huset til Gunnvor og Leiv og var sjølvsagt ein del av familien og nytte godt av deira omsorg og gjestfridom.

Gunnvor er samfunnsengasjert og har hatt ansvar i ulike politiske samanhengar både i kommunen og på fylkesplan.

Ho såg verdien av å ta vare på kulturarven så komande slekter kan glede seg over ting som fortel kultur- og arbeidshistoria til fedrar og mødrer langt tilbake i tid. Ho har vore aktiv i husflidslag både lokalt og på fylkesplan og engasjert seg i oppstart av både 4H, bygging av grendehus, sanitetsforening, bygdetunet og



altså prosjekt kyrkjekstilar. «Skal vi ha eit levande bygdesamfunn må alle ta eit tak,» meinte Gunnvor.

Gunnvor og Leiv fekk Kviteseid kommunes kulturpris i 1999 for sitt allsidige arbeid for innbyggjarane i kommunen gjennom eit langt liv.

Eg blei sambygding med Gunnvor og vi har vore ein del av liva til kvarandre i 52 år. Gunnvor har skapt sitt liv, ikkje ein gong for alle, men om igjen og om igjen mobiliserer ho, tek tak - og lyfter seg vidare, ærleg og kompromisslaus, som fagperson og som menneske. Gunnvor sluttar aldri å overraske og imponere.

Dette har eg igjen hatt glede av å oppleve i vinter når eg har vitja henne på KOS. Vi har delt gode samtaler om verving og andre viktige ting i livet, utveksla meininger og erfaringar som vi har hatt gjensidig utbyte av.

# Gamle og nye konfirmantar

Foto: Kristen Salmelid



Sundag 2. mai hadde vi samtalegudssteneste med årets konfirmantar. I år rigga vi til gudstenesta bak Kviteseid kyrkje for å få plass til fleire enn det vi hadde lov til å samle inne i kyrkja. Konfirmantane hadde førebudd gudstenesta i ulike grupper. Nokon var vertskap, andre hadde førebudd song og musikk, ei gruppe hadde jobba med bibeltekstene og preika, og ei gruppe hadde førebudd bønestasjonar til bruk i gudstenesta.

Garasjetaket bak bårehuset fungerte godt som plattform for altarbord, prest, organist og konfirmantar. På plassen var det

satt fram benkar og nokre stolar, men ein del valde også å stå. Det vart kaldt for dei som hadde kledd seg for å sitje inn i varmen, men konfirmantane fekk gjennomført ei fin og annleis gudsteneste. Etter gudstenesta tok dei årets konfirmantbilete inne i kyrkja før dei skulle vidare på konfirmantfest på misjonshuset. Biletet kjem i neste blad, etter at alle er ferdig konfirmerte. Dei fleste har valt å utsetje konfirmasjonane til:

21. august i Kviteseid og 28. august i Brunkeberg og Vrådal.

## Påmelding for nye konfirmantar

No har vi opna for påmelding for neste års konfirmantar. Påmeldinga skjer via nett-sida til kyrkja: [www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no) Vel konfirmasjon oppe i venstre marg.

Nytt av året er at sommarleiren vi deltek på saman med konfirmantar frå andre kommunar i Øvre Telemark skal vere på slutten av konfirmant-året, altså sommaren 2022. Vi har sendt informasjonsbrosjyre til alle døypte i årskullet som vi har i

medlemslistene våre. Men du kan melde deg som konfirmant sjølv om du ikkje er døypt, eller om du er døypt i eit anna land eller i ei anna kyrkje. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du har spørsmål.

**Konfirmasjonsdagar for neste år er:**  
26. mai (Kristi himmelfartsdag) og  
5. juni (1. pinsedag)

Velkommen som konfirmant i Kviteseid sokn

# Gåve til GAPAHUK ved Kviteseid kyrkje

Soknerådet har etter løyve frå kommunen vedtatt å sejte opp ein gapahuk like ved Kviteseid kyrkje, på jordteigen som frå gamalt vart kalla «Vassåkeren», nedanfor «Kyrkjehammaren» i retning Kviteseid sentrum. Bygget vil få god utsikt mot Sundkilden, og vi tenkjer oss at det skal ha plass til 25 vaksne eller 30 born. Utsjånaden blir noko liknande som på biletet



**Bruken** blir allsidig: sundagsskulen, konfirmantane, speidaren, kyrkjekaffi, og elles for friviljuge lag og grupper i bygda.

Fylling av masse og planering av området var vi heldige og fekk med godt samarbeid med fylkeskommunen i samband med utbetring av Dalanvegen nå nyleg.

Nokre verksemder, einskildpersonar og kommunen har støtta prosjektet økonomisk, men mykje står att.

**VIL DU VERE MED OG STØTTE PROSJEKTET med dognadsarbeid eller pengar?** (For dognad: Kontakt kyrkjekontoret)

Send di gåve via banken til konto nr **2660.45.14648**, eller **VIPPS** til **3850** (kategori 10 GÅVE til GAPAHUK 2021)

<b>Kvittering</b> Innbetalt til konto <b>2660.45.14648</b>	<b>Betlop</b> <input type="text"/>	<b>Betalernes kontonummer</b> <input type="text"/>
Betalingsinformasjon		
<b>Betalt av</b> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/>	<b>GIRO</b> Underskrift ved girering <input type="checkbox"/>	
<b>Betalt til</b> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> Kviteseid sokn Kviteseidgata 13 3850 Kviteseid		
<b>Kroner</b> <input type="checkbox"/> < <input type="checkbox"/> >	<b>Øre</b> <input type="checkbox"/>	<b>Til konto</b> <b>2660.45.14648</b>

# BARNAS SIDE

## Fargelegg!

Jesus fortalte ei likning om ein sau som hadde gått seg bort. Gjetaren leita heilt til han fann att sauven. (Teikning: Trevor Keen)



**Finn fem feil** Då gjetaren fann sauven, blei han så glad at han holdt ein fest! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Trevor Keen)



Gje barnebladet  
**BARNAS** til  
eit barn du er  
glad i!

Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 77 00.



## Vitsar

- Eg trur eg snart skal få ein bror!
- Kvifor trur du det?
- For kvar gong mamma har vore på sjukehuset, har eg fått ei søster.
- Ja, og så?
- Jau, no er pappa på sjukehuset ...

- Skal eg dele pizzaen i fire eller åtte stykke? spurde servitøren.
- Berre fire, takk. Eg trur ikkje eg orkar åtte.

# Å kjenne seg heime

**No har Elise og Olav Mosdøl budd i Kviteseid i 60 år. Her deler dei av sine refleksjonar i samtale om det å kjenne seg heime.**

Av Olav Mosdøl

Det er morgen og ro i huset – påskeaftan 3. april 2021. Ingen barn skrik på Eldhusbakken lenger; berre to eldre opplever morgonstemninga ved frukostbordet. Enno ein gong er det dekka med grøn vårduk, gule påskeljos og brune egg frå Hallvards hønsehus på Fetsund. Me gler oss til måltidet og ventar på sola som vil syne seg på Roholtfjellet. – Så rart å tenkje på, seier Elise. – I dag er det 36 år sidan me flytta inn i dette huset. Tømde bustaden under Høgås og køyrdé oppover bakkane på Kleivstaulvegen - med eit lite drivhus på traktoren.

Me har flytta fleire gonger; noko som har hatt sine gode og mindre gode sider. Men ved påsketider i 1985 flytta me til eige hus i Kviteseid. Utpå dagen fekk me møblar, koppar og kar på plass. Til og med bryllaupsbiletet frå 29. juli 1961 kom fram; måleria og familiebilete pynta dei ljose treveggene, og dei unge i familien hjelpte til. Etterpå sette me oss ned, såg på kvarandre og sa: - Her kjenner me oss heime. No skal livet og våre verdiar formast gjennom arbeid og fritid, gjennom gode og vonde dagar...

Slik sit me og rødar om farne tider; tenkjer på huset som me bygde, og på barn og barnebarn. Minnest at komande sommar er det 60 år sidan vi vart vigde i Kviteseid kyrkje olsokdagen 1961. Og me talar om bakrunnen vår:

*- Kvar voks me opp? - Korleis møttest me, og korleis kom me til Kviteseid?*

Som elevar på Kristiansand off. lærarskule møttest me hausten 1958. Elise kom frå Lillesand, og eg kom frå Bykle. Ho hadde vore i sjukepleien på Ullevål i to år, før ho sluttta. Eg hadde prøvd meg som framhaldskulelærar og gått befalskulen. Ho hadde ein morfar som var skipsførar på store seglskuter heilt til New Zealand. Eg hadde foreldre med bondegard i Bykle. Ho gjekk i gråkvit sommarkåpe, eg kom i setesdalskufte den augustdagen i 1958.

Slik møttest me - gjekk i same klasse gjennom to år. I 1960 fekk Elise jobb i



*Elise og Olav (Foto: Liv Andrea Mosdøl)*

folkeskulen på Fevik. Eg kom til Kvitsund linedelte ungdomsskule i Kviteseid. Men med heldt kjærastekontakt og gifte oss i Kviteseid kyrkje olsok 1961 med Per Lønning som vikarierande sokneprest. Som den kloke mann han var, vigde han oss på bokmål og heldt talen på nynorsk. Så begynte me skuleåret med undervisning på Kvitsund.

*- Var det forskjell på heimstadane og Kviteseid-området?*

Det vart ei oppleveling å kome til Kviteseid. Landskapet var annleis med bratte skogslier og fine jordbruksområde ved Telemarkskanalen. Elise sakna Lillesand og havet. Eg sakna fjellvidda og moltemyrane. – Du veit eg tykte det var langt å köyre ned Brunkeberg-bakkane og Vrådalskleivane før me kom til Kviteseidbyen, seier Elise. - Men Kvitsund var ein spennande arbeidsplass, med trivelege elevar og unge lærarkollegaer.

*- Om me kjende oss heime den gongen?*

Her må me stanse og tenkje. - Du veit me miste vår første dotter i fødselen. Det vart ein 62-vår med sorg, og så drog me til Oslo. Eg reiste til vidare studiar i norsk og kroppsøving, Elise til undervisning på Bjølsen. Men etterpå kom me tilbake til Kvitsund. Miljøet hadde sin sjarm; me følte me var med i eit større prosjekt. Det var skule og undervisning, internat og møteverksemrd. På den eine sida skulle elevane få undervisning med gode resultat, og på den andre sida få innsyn og hjelp til møte med Jesus Kristus. Men dagane var lange, og internatelevane kom veldig tett innpå oss. Svigermor Andrea sa fleire gonger:

- Det er altfor travelt, og det blir lite kontakt med bygda!

Frå 1969 til 1999 vart eg knytt til ulike oppgåver på Kvitsund som rektor, inspektør og lærar. Seinare kom det kommunale oppgåver i Kviteseid kommune og forfattararbeid. Kvitsund Gymnas starta i 1974, og ungdomsskulen flytta til den nye sentrumsskulen i Kviteseid. Der vart Elise lærar fram til 2004. Ho gledde seg dagleg over flotte elevar, og ho talar ofte om den friske replikken sin: - Det var så tungvint å kome til Kviteseid, at hadde eg visst me skulle bli buande der, hadde eg slått opp! Men no føler eg meg heime her – og med Olav!

*- Kva med kristenarbeit på Kvitsund og i bygda? Betydde det noko å kjenne seg heime?*

- Det er naturleg å spørje slik, og Elise og eg svarar: - Kvitsund hadde sin åndelige aktivitet for elevane, barna og dei vaksne. Som foreldre følte me det var ein trygg stad å vekse opp. Som vaksne kom me i tur og orden til å finne vår plass, i bygda og i kyrkja. Der kunne me vere til hjelp i samvær, diakoniteneste og viktige oppdrag. Det var i den samanheng at eg kom til å skrive mine første salmar. Kantaten «Songen frå Sion» vart gjort ferdig til jubileum i 1995 med musikk av Sigvald Tveit og korleiing ved organist Dagfinn Køhn. Difor seier me til slutt: - Tusen takk til kjende og kjære; til Kvitsund, mange elevar, trugne kollegaer og omsorgsfulle vener; til kyrkja, sindige politikarar - og heimesjukepleiarar som vil alle vel.

Me kjenner oss heime.

# Kva skjer med Brunkeberg kyrkje?

I påskenummeret av Kyrkjebladet skreiv vi kort om soknerådet sine investeringsprosjekt for 2021, der arbeidet med Brunkeberg kyrkje er det største. No er arbeidet godt i gang.

Tekst og foto: Kristen Salmelid

På framsida av bladet her ser du at taket er opna nokre plassar, og store jarnbjelkar blir heiste inn. Bjelkane blir festa til kvarandre og skal vere med å binde veggjar og tak saman for å hindre meir sig. Tyngda av taket har i 230 år kvilt på dei åtte innvendige hjørna av lafta tømmer. Nå blir det åtte nye punkt som saman skal vere med å bere tyngda.

Ute vil du berre kunne sjå to strekkfiskar / avstivarar i heiltre, ståande i kvart innvendige hjørne. Desse ber tyngda av jarkonstruksjonane på loftet i dei 4 retningane og er skrudde fast til laftene i veggen. På den måten blir tyngda av taket fordelt ut på veggane.

Synlege skruar og mutrar er smidde, så dei er mest mogleg like det gamle.

Innvendig ser vi berre nokre firkanta skruehovud oppetter veggane.


Tilsvarande avstivarar som det vi nå får ute, har vi allereie fleire av inne i kyrkja.

I taket inne har vi i fleire år med brymring sett på sig i taket. Det blir nå stansa og låst fast ved at innvendige lafta gavlveggjar blir skrudde saman med jarkonstruksjonane og får avlasting for tyngda. Vårt håp med dette er at Brunkeberg kyrkje kan stå høgreist og fin for

komande slekter dei neste hundre åra.

Arbeidet vert utført av lokale handverkarar med god erfaring med gamle byggverk: Håkon Fjågesund, Kjetil Hølland, Eivind Aase, Carl Fredrik Haugfoss og Thomas Sandvik Jakobsen.

Prosjektet skal vere ferdig ute på hausten og har ein kostnadsramme på 1,5 millionar. Tilskotet frå Riksantikvaren dekker 840.000 av dette.





Fra matpause for store og små på dugnad i Kviteseid, foto: Marit Gotuholt

## Takk

- Takk til dugnadsfolket på kyrkje-gardar og rundt kyrkjene.
- Takk til konfirmantar og foreldre for deira ekstra innsats med sponsorløp ved fasteaksjonen. Dei fekk inn over 18.000 kr berre i dette løpet. Og til saman er det no komme inn 45. 849 kr

i år. Takk for alle som har gitt til denne aksjonen som Kirkens Nødhjelp har til inntekt for reint vatn i heile verda!

- Takk til alle som deltok på godhetsveka med tenester eller som inviterte nokon heim til seg.



Frå felles gudsteneste i Bryggeparken etter godhetsveka. Foto: Kurt Nødland



Frå Kristi himmelfartsdag på Vrådal gamle kyrkjegård, foto: ØAJ.

# OPPSLAGSTAVLA

## Ønsker du skyss til gudstjeneste?

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland tlf. 412 64 364.

## Livets gang

### Døypete

*Kviteseid:*  
Silja Bakken Stensrud  
Heidi Angre  
Aslak Midtbøen Moen  
Tallev Sandland

### Vrådal:

Håvard Åsland Øy  
Trym Olsen Jensen

### Døde

*Brunkeberg:*  
Berit Nilsen

### Kviteseid:

Jan Gunnheim  
Oddrun Knutsen  
Gunvor Grønvold

### Vrådal:

Harald Oddvar Strand  
Jens Bergland

## Besøksteneste

Ynskjer du å få besøk av nokon som kan komme jamleg for å prate i lag, gå ein tur, eller anna. Ta kontakt med Kirsti Skjæveland på tlf. 412 64 364.

## Soknebod

Har du vanskeleg for å komme til kyrkja og ynskjer å ta imot nattverd i privat heim eller på ein institusjon. Ta kontakt med prest, Møyfrid Lunde mob. 469 07 231 eller med prostidiakon Eilev Erikstein mob. 911 13 580.

## Kveldsmesser i Kviteeid gamle kyrkje i juli

Torsdag i juli månad er det kveldsmesser kl. 19.30.

## Føremiddagstreff:

Sommaravslutning på bygdetunet  
30. juni kl. 12  
29. september kl. 11 på misjonshuset  
27. oktober kl. 11 på misjonshuset

## Konfirmasjonsdagar i haust:

Kviteseid kyrkje 21. august  
Brunkeberg kyrkje 28. august kl. 11  
Vrådal kyrkje 28. august kl. 13.30.

## Dåp – konfirmasjon – vigsel?

På vår nettside kan du mellom anna melde på til dåp, konfirmasjon og vigsel: [www.kvitseid.sokn.no](http://www.kvitseid.sokn.no)

## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokon som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv,  
andre er usikre, einsomme eller reddde.  
Nokon treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv. Vi er her. Amtid: [soknene-sos.no](http://soknene-sos.no)



**RETURADRESSE:** KYRKJEKONTORET - KVITESEIDGATA 13, 3850 KVITESEID

# Gudstenesteliste: med etterhald om endringar

## JUNI

**Sun 20. 4. sundag**  
i treeiningstida - Matt 16,24-27  
*Kviteseid gamle kyrkje* kl. 11.00  
Møyfrid Lunde  
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet

**Sun 27. 5. sundag**  
i treeiningstida. Inga gudsteneste

## JULI

**Tor 1. kl. 19.30**  
*Kviteseid gamle kyrkje*  
Kveldsmesse, Møyfrid Lunde

**Sun 4. 6. sundag**  
i treeiningstida - Matt 16,13-20  
*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00  
Møyfrid Lunde Ofr. NLM Ung

**Tor 8. kl. 19.30**  
*Kviteseid gamle kyrkje*  
Kveldsmesse,  
Dag Harald Undheim

**Sun 11. 7. sundag**  
i treeiningstida - Luk 19,1-10  
*Brunkeberg kyrkje* kl. 18.00  
Dag Harald Undheim  
Ofr. Kirkens SOS Telemark

**Tor 15. kl. 19.30**  
*Kviteseid gamle kyrkje*  
Kveldsmesse,  
Dag Harald Undheim

**Sun 18. 8. sundag**  
i treeiningstida  
- 2. Kor 8,9-15  
*Vrådal kyrkje* kl. 18.00  
Dag Harald Undheim  
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet

**Tor 22. kl. 19.30**  
*Kviteseid gamle kyrkje*  
Kveldsmesse,  
Dag Harald Undheim

**Sun 25. 9. sundag**  
i treeiningstida - Inga gudsteneste

## Tor 29. kl. 19.30

*Kviteseid gamle kyrkje*  
Kveldsmesse,  
Dag Harald Undheim

## AUGUST

**Sun 1. 10. sundag**  
i treeiningstida  
Inga gudsteneste

**Sun 8. 11. sundag**  
i treeiningstida - 2. Mos 20,1-17  
*Kilen kapell* kl. 11.00  
Møyfrid Lunde  
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet

**Sun 15. 12. sundag**  
i treeiningstida - Luk 8,1-3  
*Friluftsgudsteneste* kl. 11.00  
Møyfrid Lunde. Ofr. Kyrkjelydens  
misjonsprosjekt

**Laur 21.**  
**konfirmasjonsgudsteneste**  
*Kviteseid kyrkje*

**Sun 22. 13. sundag**  
i treeiningstida - Luk 12,41-48  
*Vrådal kyrkje* kl. 11.00  
Møyfrid Lunde  
Ofr. Kvitsund gymnas

**Laur 28.**  
**konfirmasjonsgudsteneste**  
*Brunkeberg kyrkje* kl. 11.00  
Vrådal kyrkje kl. 13.30

**Sun 29. Vingardssundagen**  
Luk 17,7-10  
*Kviteseid gamle kyrkje* kl. 11.00  
Møyfrid Lunde  
Ofr. Det norske bibelselskap

## SEPTEMBER

**Sun 5. 15. sundag**  
i treeiningstida  
- Luk 10,38-42  
*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00

Familiegudstenesste, utdeling 4.  
årsbok - Møyfrid Lunde  
Ofr. Kyrkjelydens  
trusopplæringsarbeid

**Sun 12. 16. sundag**  
i treeiningstida  
Inga gudsteneste

**Sun 19. 17. sundag**  
i treeiningstida  
Luk 7,11-17  
*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00  
Møyfrid Lunde, sundagsskule  
Ofr. Kyrkjelydens  
trusopplæringsarbeid

**Sun 26. 18. sundag**  
i treeiningstida - Matt 8,5-13  
*Brunkeberg kyrkje* kl. 11.00  
Møyfrid Lunde,  
konfirmantpresentasjon  
Ofr. Kyrkjelydens  
misjonsprosjekt

## OKTOBER

**Sun 3. 19. sundag**  
i treeiningstida  
*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00  
Speidargudsteneste,  
hausttakkefest,  
konfirmantpresentasjon  
Møyfrid Lunde  
Ofr. Speidagrupsa i Kviteseid

**Sun 10. 20. sundag**  
i treeiningstida  
Inga gudsteneste

**Sun 17. 21. sundag**  
i treeiningstida  
Luk 16,19-31  
*Kviteseid kyrkje*, sjå annonse  
Felles diakonisundag for  
Vest-Telemark - sundagsskule  
Ofr. Diakonatet i Vest-Telemark